



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 141 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet (tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans»)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 29. september 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Ekstremvêret «Hans» førte til store avbrot i transporten mellom fleire landsdelar. Særleg togtrafikken er hardt ramma som følgje av kollapsen av Randklev bru på Dovrebana. Dette vil ha langvarige konsekvensar for gods- og persontrafikken på bane. Trafikken på Dovrebana skal rettast opp så raskt som mogleg. Det er Jernbanedirektoratet og Bane NOR sin høgaste prioritet. Det er usikkert kor lang tid det vil ta å få på plass ei permanent bru, og om det er mellombelse løysingar som kan bli satt i verk. Nødvendige endringar og støtte til persontogselskapa blir handtert gjennom dei eksisterande avtalane mellom togselskapa og Jernbanedirektoratet om drift av persontogtilbodet. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med vurdering av tiltak for persontogselskapa i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2023. Situasjonen er kritisk for fleire selskap som fraktar gods på Dovrebana. Regjeringa ynskjer å frakte meir gods på bane, og foreslår mellombels støtte til dei råka godsselskapa for å minimere fare for langvarig reduksjon i godstransport på bane og for å bevare nødvendig transport så lenge det ikkje er mogleg å frakte gods på Dovrebana.

2 Tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans»

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 77 (NY) Tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans», kan overførast

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 120 mill. kroner på posten.

Årleg blir det frakta gods som tilsvarar over 180 000 trailerar på Dovrebana. Det tilsvarer om lag 500 trailerar dagleg. Ein tredjedel av landtransporten mellom Oslo og Trondheim blir frakta på jernbane. Å frakte gods på bane er meir miljøvennleg og gir betre trafiktryggleik. Tal på persontogavgangar er redusert på Rørosbana for å kunne auke tal på godsavgangar. Innstilte togavgangar vil i stor grad bli erstatta av alternativ transport. Dette vil gi eit dårlegare togtilbod for personar som vanlegvis reiser med tog på Rørosbana, men er ei nødvendig prioritering for å kunne oppretthalde delar av den tapte godskapasiteten. Den auka godskapasiteten på Rørosbana er ikkje tilstrekkeleg til å bøte på mengda gods som til dagleg vert frakta på Dovrebana. Toga er kortare som følgje av kortare kryssingsspor, køyrelengda til Trondheim er lengre og sidan Rørosbana ikkje

er elektrifisert er det nødvendig å føre fram gods med dieseldrevne lokomotiv. Dette gir samla sett lågare lønnsemd ved å føre fram gods på Rørosbana samanlikna med Dovrebana. Samferdselsdepartementet foreslår difor å opprette ei mellombels støtteordning som skal sørge for å oppretthalde nødvendig godstransport på bane så lenge det ikkje er mogleg å frakte gods på Dovrebana.

Det er mogleg etter artikkel 50 i det alminnelige gruppeunntaket til statstøtteregelverket (GBER) å gi tilskot som skal dekke tap som følgje av ei naturkatastrofe for inntil seks månader etter hendinga har funne stad. Ei slik ordning må meldast til ESA etter eigne reglar. Støtte utover unntaksperioden vil bli meldt på førehand til ESA på vanleg måte.

Ordninga vil dekke tap frå dagen då brua kollapsa, 14. august 2023. Ordninga skal dekke 95 pst. av tapa mottakarane av tilskot har hatt som følgje av brukollapsen. Målgruppa for ordninga er godsoperatørar som på tidspunktet for brukollapsen var tildelt ruteleiar for å frakte gods på Dovrebana og som har direkte tap som følgje av kollapsen. Tap som følgje av auka kostnader og reduserte inntekter skal reknast ut i tråd med retningslinjer fastsett i statsstøtteregelverket. Ein uavhengig sakkunnig skal ha vurdert om det er ei direkte følgje mellom brukollapsen og tapet det blir søkt om å dekke. Dette kan til dømes vere ein uavhengig revisor eller autorisert regnskapsførar.

Jernbanedirektoratet vil få ansvaret for forvaltninga av den mellombelse tilskotsordninga. Jern-

banedirektoratets ansvar omfattar mellom anna handsaming av søknader om støtte, vedtak, utbetaling og tilbakebetaling av tilskot, oppfølging og kontroll. Jernbanedirektoratet blir gitt høve til å avgjere intervall for utbetaling for tilskot. Tilskotmottakarar skal gjere rekneskap tilgjengeleg for Jernbanedirektoratet slik at samla tilskot ikkje blir høgare enn kva mottakarane har krav på. Tilskotet skal legges til rette for at selskapa som mottek støtte driv så effektivt som mogleg så lenge dei mottek støtte, slik at behovet for tilskot ikkje blir høgare enn nødvendig.

Kongen i statsråd samtykte 15. september 2023 til å utgiftsføre utan løyve inntil 75 mill. kroner i statsrekneskapen for 2023 på posten, jf. løyvingsreglementet § 11, andre avsnitt, andre og tredje punktum. Pådratte utgifter innanfor dette samtykket er omfatta av den foreslåtte løyvinga på posten.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet (tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans»).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Samferdselsdepartementet (tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans») i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under
Samferdselsdepartementet (tilskot til
godstogselskap etter ekstremvêret «Hans»)

I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1352		Jernbanedirektoratet:	
(NY)	77	Tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans», <i>kan overførast,</i> blir løvyd med	120 000 000

=====

